

VEL MØTT TIL LANDSMØTE 31. MARS TIL 2. APRIL PÅ SANDANE

Me ynskjer velkomen til landsmøte på Sandane 31. mars til 2. april! Landsmøtet er det høgaste organet i Norsk Målungdom, der me oppsummerer året som har gått, og vedtek kva me skal meine og gjere det komande året.

Kva hender på landsmøtet

Landsmøtet er fullt av viktige saker. I tillegg til vanlege landsmøtesaker som arbeidsprogram, budsjett og val av tillitsverv, skal me mellom anna vedta nytt program for nynorsk i lærarutdanningane og ta stilling til ei rekkje lovendringsframlegg. Utanom alt dette kjem også andre vanlege landsmøtesaker, som fråsegner, årsmelding, rekneskap, med meir.

Med andre ord: Landsmøtet er staden å vere for deg som er interessert i kva organisasjonen vår skal vere og gjere.

Korleis dra på landsmøtet

For å få røysterett på landsmøtet, må du vere vald som utsending frå eit lokallag. Lokallaga vel utsendingar på årsmøte eller medlemsmøte. Lokallaga kan også sende observatørar (som ikkje har røysterett, men i regelen tale- og framleggsrett) i tillegg til utsendingane sine. Dersom du vil kome i kontakt med laget som held til nærast deg, kan du kontakte skrivekstova.

Praktisk informasjon

Landsmøtet skal vere på Firda vidaregåande skule på Sandane i Gloppen kommune. Sakspapir og førebels køyreplan er tilgjengeleg på www.malungdom.no/landsmote/ – der finn du også ein del tidspunkt som kan vere greie å merke seg. Mange av sakspapira er allereie lagde ut – resten kjem etter kvart som det er praktisk mogleg å få dei klare. Merk at det kan kome forskyvingar i programmet.

Økonomi

Mange lokallag har ikkje andre vesentlege inntektskjelder enn Frifondsmidlane, som det ikkje er lov å bruke på landsmøtereising. Difor dekkjer sentrallækken reiseutloger for utsendingar frå dei laga som ikkje har andre pengar å bruke på dette.

Frist for på- og avmelding til landsmøtet er 17. mars.

Har du spørsmål om landsmøtet, programmet eller utsendingsretten, eller om du treng hjelp til å finne reiserute/tinge billetter, kan du gå inn på landsmøtesidene eller ta kontakt med oss på skriv@nynorsk.no eller på telefon 23 00 29 40.

Beste helsing
Norsk Målungdom

Synnøve Marie Sætre
leiar

